



## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

### Forvaltningslova § 27 tredje leddet

Denne meldinga gjev viktig informasjon om du vil klage på eit vedtak (enkeltvedtak) som du er gjort kjend med og gjeld deg som part i saka.

<b>Klagerett</b>	Du har rett til å klage på vedtaket (enkeltvedtak).
<b>Kven kan du klage til?</b>	Klaga sender du til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.
<b>Klagefrist</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram.</b> Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Du kan søkje om lengre klagefrist om du har særskilde grunnar.
<b>Enkeltvedtak skal grunngjevast</b>	Meiner du at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan du krevje slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå dagen du får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	<b>Du må presisere:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- kva vedtak du klagar på</li><li>- årsaka til at du klagar</li><li>- den eller dei endringar du ynskjer</li><li>- ev. andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klaga.</li></ul> <b>Klaga må underskrivast.</b>
<b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b>	Jamvel om du har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføring av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.
<b>Rett til å sjå saksdokument og til å krevje rettleiing</b>	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§18-19 i forvaltningslova. Du kan få nærare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om reglane for saksgongen. Du kan, om naudsynt, søkja om å få dekkja utgifter til vesentlege kostnader for å få endra vedtaket, jf.§ 36 i fvl. Klageorganet vil orientere deg om retten til å krevje slik dekning.
<b>Klageinstans</b>	Klaga vert fyrst handsama i organet som har gjort vedtak. Om organet held fast på sitt vedtak, går saka til det faste utvalet for klagesaker (som i Gulen kommune er formannskapet), ev. kommunestyret eller Fylkesmannen i særskilde saker.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Om du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltningen, kan du klage til Sivilombodsmannen. Han kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko.